

Høyringsinnspel Prosjekt Fagleg plattform, profil og strategi

Dette høyringsinnspelet er skriva etter innspel frå leiarar av forskingsgrupper knytt til Læringsforskningsprogrammet ved Avdeling for Lærarutdanning og idrett, HiSF.

Generelt til høyringsprosessen:

Dette er ei av fleire, store og viktige saker som HVL skal ta stilling til og som har vore ute på høyring hausten 2016. Dei svært korte høyringsfristane som det vert lagt opp til, tener ikkje føremålet som vert understreka i kap 1.4. Viss HVL ynskjer å utvikle ei plattform og ein profil med god og brei forankring i organisasjonen, er ikkje korte fristar og nye versjonar av sentrale dokument (5.12) midt i prosessen måten å sikre ei god og brei forankring på. Vi tolkar difor denne høyringa som det første steget i prosessen mot å utvikle ei fagleg plattform for undervisning og forskning i HVL. Og vi vonar at dei innspela som kjem i denne høyringsrunden vert tatt på alvor og at dei kan danne grunnlag for grundige drøftingar i heile organisasjonen vidare. Leiinga må òg sikre at alle fagmiljø har mulegheit til å delta gjennom å realistiske høyringsprosessar med realistiske fristar for innspel. Denne høyringa må òg sjåast i samanheng med høyringa på delprosjektet *Leiing og fagleg organisering*, sidan begge høyringane berører det same men på ulike måtar og med ulike fokus.

Innspel til kap 2:

Kap 2.1 Plattform og verdielement:

I tredje avsnittet heiter det Vestlandet og vestlandsidentiteten er ein grunnleggande del av HVL si plattform. Vi skal tilby relevante og tidsriktige utdanningar på bachelor-, master- og ph.d.-nivå med kunnskapsbasert praksis og entreprenørskap som overordna perspektiv og utføre forskning i nasjonal og internasjonal kunnskapsfront.

Dette avsnittet krev ei avklaring og utdjuping. Kva er vestlandsidentiteten, kva betyr kunnskapsbasert praksis og entreprenørskap i denne samanhengen?

Vidare vert «tett på» løfta fram, og dette bør òg utfordrast og utdjupast meir, og det bør drøftast i samanheng med delprosjektet *Leiing og fagleg organisering*.

I notatet står det under pkt. 2.1 på side 6: «Nynorsk er ein vesentleg identitetsmarkør for Høgskulen på Vestlandet. Høgskulen vil stimulere til forskning kring nynorsk språk og fagdidaktikk i samarbeid

med dei andre institusjonane i UH-nett Vest.» Like fullt har gruppa fullstendig oversett at HVL vil ha høg fagleg kompetanse og gode føresetnader for forskning på dette feltet. Særleg har norskseksjonane ved HiB og HiSF ei rekkje aktive forskarar med første- og toppkompetanse i nordisk språkvitskap, og ved HiSF er desse organisert i forskingsgruppa *Lesing, skrivning og språkutvikling*. Eit delprosjekt i PRAKUT-prosjektet *Lærande regionar* tok føre seg kva rolle oppvekst med nynorsk har å seia for skuleresultat, og så langt er ein internasjonal publikasjon gitt ut frå dette medan fleire er i kjømda. Samla sett vil desse miljøa kunna bidra så vel nasjonalt som internasjonalt med forskning på fleire sider ved den norske språkstoda og setja denne inn i ein vidare kontekst som spenner frå alt frå didaktikk for mindre brukte språk og tospråklegheit til språklege rettar og forholdet mellom språk, kultur og samfunn.

Dersom plattform- og verdielementet *nynorsk* – og også *vestlandsidentiteten* – skal vere meir enn berre fagre ord, bør det inn som eit profilelement også under profilområdet *Danning, kultur og samfunn*. Dette profilelementet kunne vere *Språk, kultur og læring* og må ev. avstemmast mot dei som no er lista opp i tabellen på side 8. «Språk og læring» kan listast opp som eit område som kan lukkast nasjonalt – ev. «nynorskforskning» – og også *Lærande regionar*-prosjektet har gitt gjenklang i internasjonale forskingsmiljø, og dette skuleforskningsfeltet burde kunna nemnast som eit som kan lukkast internasjonalt. Såleis bør *Learning regions* setjast opp i same felt som *Creativities, Arts, and Science in Education*.

Kap 2.2. Faglege profilområde:

På side 7 heiter det: *Samstundes har utdanningsinstitusjonane sterke føringar når det gjeld å ivareta kunnskapstriangelet utdanning –forskning –innovasjon. For profesjonsutdanningane betyr dette at ein kan ha eit felles innhald i studia, som til dømes fagområde og praksisområde, men at ein gjennom læringsmetodar og forskingsbasert undervisning kan ta del i den faglege innretninga og perspektiva som særmerker den institusjonen ein høyrer til. I dette ligg også vektlegging av kunnskapsbasert praksis og læringsverktøy, som til dømes IKT og entreprenørskap, som kan gjere studentane i stand til å bidra i kvalitetsutvikling og forbetring i dei yrkessamanhengane ein utdannar seg til.*

Her er det mange heller uklare omgrep. Til dømes er det uklart kva som ligg i omgrepet *felles innhald i studia* og *den institusjonen ein tilhøyrer*. HVL skal ha felles innhald i studium (i alle fall i GLU-lærarutdanninga) og vi er ein institusjon. Eller har ein her meint studiestad og med det dei opphavlege institusjonane?

Det bør evt. formulerast eit mål om i vareta dei ulike campusane sine særtrekk og eigenartar som verdiar HVL vil vidareutvikle.

Dei fire overordna kategoriane vist i tabell på side 8 bør drøftast grundig i organisasjonen. Kva som ligg bak dei ulike omgrepa og grunnlaget for korleis ulike fagretningar og utdanningar er gruppert saman er uklart. Høyringa bør vere meir konkret og bruke dei omgrepa som vert nytta i dag om utdanningar og faglege profilar. Vi har per i dag skildringar av strategiske faglege satsingar som det vil vere naturleg å ta utgangspunkt i når ein skal analysere kva område vi skal utvikle vidare (i tillegg til nye område). Konstruksjonar av temaområde som ikkje er fagleg forankra, vil vere ein uheldig start på HVL. Ei grundig fagleg forankring krev tid og eit systematisk arbeid på alle nivå, noko som ikkje har vore mogeleg i denne første høyringsrunden.

Kap 3.2 Profilområde 2: Danning, kultur og samfunn

Vi saknar pedagogikk som omgrep når ein skal skildre fagområde lærarutdanningane. Pedagogikk vert ikkje nemnt, men vert omtala som allmenndidaktikk og danning. Danning er ein viktig del av pedagogikk som fag, og difor ein viktig del av faget pedagogikk og elevkunnskap i GLU-utdanninga. Danning er ein viktig del av vårt oppdrag som utdannarar og er ein del av lærarutdanninga sitt innhald, mellom anna i faget pedagogikk. Vi problematiserer og drøftar danning som omgrep i lærarutdanninga, men som tematisk overskrift på ein fagleg profil er det ikkje eit godt grep. Kvifor ikkje bruke etablerte omgrep for profesjonsutdanningar, t.d. lærarutdanningar?

Vi saknar eit viktig fag og forskingsfelt under *Praksisnær utdanningsforskning*: Utdanning og forskning på skule- og barnehageleing.

Vi foreslår at dette vert tatt med i plattformen: Høgskulen i Sogn og Fjordane (HISF) har eit tungt fagmiljø på Vestlandet innan utdanning og forskning om skule- og barnehageleing. HISF tilbyr masterutdanningar i utdanningsleing både i Bergen og Sogndal/Førde, står for ei rekke regionale leiarutdanningstilbod på oppdrag frå kommunar og fylkeskommunar. Den samla forskinga på leing og utvikling både i barnehage og skule er viktig både nasjonalt og regionalt. Profilen er nært knytt til leing, utvikling og profesjonalisering i utdanningssektoren, og samarbeid med sektoren i å utvikle relevant forskning og vidareutdanningar er ein nøkkel for feltet regionalt. Ved samanslåing mellom Høgskulen i Sogn og Fjordane, Høgskolen i Bergen og Høgskolen i Stord/Haugesund er målet å vidareutvikle eit samarbeid om forskning og undervising

Elles er kap 3.2 viktig for lærarutdanninga, og vi støttar særskild at vurdering som forskingsfelt vert gjort synleg.

Spesialpedagogikk som utdannings- og forskingsfelt vil bli viktig i HVL gjennom nyetablert masterutdanning, og der har HiSF internasjonal forskning på høgt nivå og i forskingsfronten som bør nemnast – ADHD-forskinga og forskning på barns språkutvikling.

Kap 4 Forslag til mogelege tverrfaglege satsingsområde for HVL

Her bør ASK-studien og prosjektet Lærande regionar beskrivast eksplisitt som svært aktuelle tverrfaglege forskingsområde å arbeide vidare med i HVL.

Utdanningsvitskap er i sitt fundament eit tverrvitskapleg forskingsområde, og dette kjem tydeleg fram i dei to store multidisiplinære prosjekta ASK (Active Smarter Kids) og LR (Lærande regionar) i HiSF. ASK prosjektet er ein longitudinell studie som studerer barn frå 5. steget (totalgruppesundersøking) og oppover ut frå fleire aspekt, som fysisk helse, vanar og aktivitetar, skuletrivsel, haldningar, kognitiv utvikling, sosioøkonomiske faktorar etc. ASK inneheld òg ein intervensjon med systematisk fysisk aktivitet gjennom skuledagen, og der effektar på kort og lang sikt vert studert. ASK- prosjektet kjem til å gje uvurderlege kunnskapar om skulebarn si fysiske, helsemessige, sosiale, emosjonelle og kognitive utvikling.

LR-prosjektet undersøker, etter ein multidisiplinær modell, mogelege årsaker til skuleresultat. Fokus er på regionale skilnader og lokalsamfunn sin innverknad på skulen si undervisning og skulen som organisasjon. Involverte forskningsdisipliner er historie, kulturgeografi, pedagogikk, økonomi, leiingsperspektiv, lingvistikk og psykologi. Prosjektet har gjeve verdifull innsikt i mogelege utviklingsfaktorar for skulen på makro,- meso- og mikronivå. Arbeidet i LR fortset med ambisjonar om å kunne belyse, forstå og kunne implementere funn frå prosjektet i den lokale skuleutviklinga i regionen og i Norge.

Eit tredje profilert prosjekt er kartlegging av barns utvikling når det gjeld språk-, sosial-, skrive- og leseferdigheiter og matematikk frå barnehage til ungdomsskule, der den normale utviklinga i desse ferdigheiter vert undersøkt. I dette prosjektet har to intervensjonsstudier blitt gjennomført, 1) språktrening for dei minste (BRAVO- prosjektet, der barn på 20 månader har gjennomført ein systematisk språktreningsintervensjon gjennom 24 veker). 2) Eit skrivetreningsprogram (10 veker) for femåringar i barnehagen (invented writing project). Kunnskapar frå dette prosjektet kjem til å gje innsikt i barn si kommunikative utvikling, òg når det gjeld innsats retta mot særskilde grupper sine behov.

Alle desse prosjekta brukar *mixed methods* og metodtrianglering.

Sogndal, 12. desember 2016

Ann Karin Sandal

Leiar av Læringsforskningsprogrammet ved HiSF